

Styremøte i V.I.L

Klubbhuset 27.10.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Kristin Sandnes, Trond Håvoll, Ellisiv Jarvik, Kjersti Magnussen, Jan Ole Fuglem og Magne Eivind Glomnes.

Saker:

1. Orientering frå gruppene

Hovudstyret: Sandvolleyballbaner er tillaga på rådhusmarka. Kommunen har lova jord til finpuss. Det er ikkje sett opp nett og merking. Det vert gjort til våren, muleg at dette må kjøpast inn.

Det er levert skilt for merking av råser i nedre Valldal. Skilta må opp seinast til våren. Det er arbeid i gang med å lage eit tur-/stikart for Valldal. Dette er særskild tenkt for tilreisande. Finansiering med annonser.

Friidrett: Sesongen avslutta. I alt 48 premierte i Valldal/Liabygda Cup. Veldig god oppslutning.

Ski: Skisamling i Stryn 17 unge deltakarar. Fellestrening rulleski og barnmark. Skiskyttarskule, 4.-5. klasse 6-8 deltakarar
Stadion på Myklebust ferdig og i funksjon

Fotball: Alle lag ferdig med heimekampane. Avslutning for kvart lag. Sal av skrapelodd og julekalender. Bingo 23. november med forventa overskot.
Deltaking i futsal KM

Trim: Fjelltrimmen går mot avslutning. Inntrykk av god oppslutning på postane. Premiar til dei ivrigaste og i tillegg uttrekkspremiar.

Kunstgrasnemnd: Søknad er sendt om førehandsgodkjenning av 11-ar bane på Idavollen med begrensa areal. Ved godkjenning av ny søknad vert tidlegare godkjenning trekt. Nytt lysanlegg. Totalt kostnad berekna til kr 3,7 mill

2. Undersøking Norddal Idrettsråd behov og ønskjer for idrettshall

Idrettsrådet har sendt ut diverse spørsmål til medlemslaga i rådet. Dette gjeld behov og ønskjer for idrettshall, deltaking i dugnad og finansiering, bidrag til drift og kva anlegg som er under planlegging i kvar enkelt lag. Svara skal samanfattast i brev til kommunestyret. Saka vert teke opp etter initiativ frå Eidsdal IL.

Norddal kommune vedtok bygging av idrettshall i november 2013. Det er difor seint og underleg at spørsmålet om behov vert teke opp på nytt. Dette har lag og organisasjonar hatt høve til å melde fleire gonger. Når spørsmåla no likevel er spurd, vert det sendt svar med oppsummering av behov og ønskjer. Kapasiteten er liten og fasilitetane er dårlege. Valldal Samfunnshus er over 40 år og det ber idrettsdelen med garderober preg av. Idrettshall vert gje mulegheit for fornya aktivitet og samarbeid i idretten i kommunen. Valldal IL vil bidra med ulike tiltak for å få realisert idrettshallen. Vi må forvente å kome i mindretal i idrettsrådet med vårt syn, men det vil vere viktig at dette synet kjem fram og sendt ved til kommunestyret.

Det er teke initiativ frå Fjordhagen/skulekorpset om å sende eit ope brev til politikarane med sterk støtte til idrettshall. Valldal IL vil vere med å skrive under dette saman med lag og bedrifter.

3. Lysløypa – usemje om areal

Den "berømte" saka... Usemja med Arne Aase om samanfalande areal med lysløype og hyttetomt. Aase har no sett opp stolpar ved sin tomt, men som går inn i lysløypa og dermed hindrar køyring med trakkemaskin. Det er teke kontakt med advokat, men dersom vi skal bruke denne vil det truleg koste oss kr 10-15.000. Vi prøver med å sende brev til Aase og bed om stolpar vert fjerna innan 2 veker. Dersom dette ikkje vert gjort, vil vi fjerne desse sjølve. Vi gjentar igjen vår rett til arealet.

4. Trakkemaskin – søknad om støtte til finansiering

Skigruppa arbeider med kjøp av ny trakkemaskin. Det føreligg tilbod på ny maskin, pris kr 1,7 mill. Finansiering med sal av gamal maskin, rabattar, gåver, sponsorar, mva komp, forventa kommunalt tilskot og spelemidlar. Til det siste er det allereie gjeve tilsagn på kr 250.000. Skigruppa søker laget om tilskot på kr 150.000. Det er viktig at vi har midlar til finansiering av kunstgras og bidrag til idrettshall

Søknad kr 150.000 vert innvilga. Trimgruppa vert oppmoda om å bidra til finansiering utifrå gruppa sin økonomi. Det påkviler skigruppa eit stort ansvar

til finansiering av trakkemaskina med ulike tiltak, då gruppa for tida har forholdsvis lite midlar.

5. Vask av klubbhuset

Vask av klubbhuset har ikkje fungert særleg godt i sommar og haust. Det er vore fleire klager på vask før utleige av huset. Vaskar har til tider heller ikkje ville halde seg til retningslinjer for vask.

Gjeldande avtale er frå mars 2013 gjeldande i 1 år. Den har ikkje vorte forlenga og vi ser det difor slik at avtalen er gått ut. Noverande vaskar vert varsla om at avtale ikkje vert forlenga.

Vaskejobb vert lyst ut.

6. Eventuelt

Årsfest: Ser ut som det kan vere vanskeleg å få til, men Trond og Einar tek kontakt med nokre sentrale personar.

Arbeid på klubbhuset: Døra må på plass og flisene må leggest. Kennet Hovden vert engasjert. Idrettslaget får ikkje spelemidlane før arbeidet er fullført.